



# KONTROLLUTVALET I BJERKREIM

## PROTOKOLL

<b>Utvalg:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtenr.:</b> 4-12	<b>Møtedato:</b> 27. august 2012	<b>Utvalgssaksnr.:</b> 23/12 - 32/12
<b>Innkalt:</b> Magne Vaule Brit Tengedal Geir Ove Svela Tyra Skårland Mauritz Bjerkreim	<b>Forfall:</b> Ingen		
<b>Andre:</b> Annebeth Melhus Mathiassen, Rogaland Revisjon IKS Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat			

**Innkallingen ble godkjent uten merknader.**

### 23/12      **Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokoll frå møte den 4. juni 2012.

### 24/12      **Plan for forvaltningsrevisjon. Prioriteringar til og ferdigstilling av ny plan**

Kontrollutvalet har innstillingsrett til kommunestyret i denne saka<sup>1</sup>, og foreslo følgjande forslag til vedtak:

Kommunestyret prioriterer i første omgang dette prosjektet i planen:

- Vedlikehald av kommunale bygningar.

Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å prioritera dei mest aktuelle prosjekta innafor innkomne forslag, samt vurderer å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår behov for det.

---

<sup>1</sup> Jfr. Kontrollutvalgsboka s. 24

#### VEDTAK:

Kommunestyret prioriterer i første omgang dette prosjektet i planen:

- Vedlikehold av kommunale bygninger.

Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å prioritera dei mest aktuelle prosjekta innafor innkomne forslag, samt vurderer å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår behov for det.

#### **25/12 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2013**

Kontrollutvalet bestiller prosjektmandat på "Vedlikehold av kommunale bygninger" til neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim ber Rogaland Revisjon IKS om å leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehold av kommunale bygninger" til neste møte.

#### **26/12 Plan for selskapskontroll 2013 - 2016**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

- Kommunestyret i Bjerkreim vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll for den inneværende kommunestyreperioden.
- Evt. oppdatering av planen i perioden delegeres til kontrollutvalget

#### **27/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013. Kontrollutvalets budsjettforslag**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Bjerkreim går inn for eit samla budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2013 på kr. 472.000,-ekskl. mva.
- Eventuelle endringar i budsjettforslaget gjort av kommunestyret må meddelast kontrollutvalets administrasjon.

**28/12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport: Kvalitet i barnevernstjenesten.**

Kontrollutvalet foreslo følgjande nytt avsnitt i tillegg til forslag til vedtak;

Kontrollutvalet ser på kommunens tilbakemelding som lite konkret sett opp mot rapportens anbefalingar, og etterlyser ei meir aktiv holdning til dei problemstillingane som vert reist i rapporten. Det er heller ikkje gitt tilbakemelding på om det nå er samsvar mellom antall barn med tiltaksplan rapportert til Fylkesmannen og barn som faktisk har tiltaksplan.

Kontrollutvalet forslo at ”til orientering” i siste punkt i forslag til vedtak vert tatt ut og erstatta med ”til behandling”.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med desse endringane. .

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rådmannens tilbakemelding på oppfølging av rapporten ”Kvalitet i barnevernstjenesten” til orientering.

Kontrollutvalet ser på kommunens tilbakemelding som lite konkret sett opp mot rapportens anbefalingar, og etterlyser ei meir aktiv holdning til dei problemstillingane som vert reist i rapporten. Det er heller ikkje gitt tilbakemelding på om det nå er samsvar mellom antall barn med tiltaksplan rapportert til Fylkesmannen og barn som faktisk har tiltaksplan.

Saka vert vidaresendt kommunestyret i Bjerkreim til behandling.

**29/12 Uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarlig revisor/engasjementsbrev**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar den framlagde uavhengighetserklæringa og engasjementsbrevet frå oppdragsansvarlig revisor i Bjerkreim kommune til orientering.

**30/12 Kontrollutvalets saker - statusoversikt pr. august 2012**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for august 2012 til orientering.

**31/12 Presentasjon av revisor overordna revisjonsstrategi for 2012. U.OFF OFL §24**

Møtet vart lukka, jfr. KL § 31.3/OFL. § 24.

Annebeth M. Mathiassen orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

**32/12 Forslag til møteplan for 2013**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2013:

<b>MØTE</b>	<b>TIDSPUNKT</b>	<b>MERKNADER</b>
Måndag 4. februar	kl. 08.30	<i>Utgår om få saker</i>
Måndag 15. april	kl 08:30	<i>Kan bli endra</i>
Måndag 3. juni	kl. 08:30	
Måndag 9. september	kl. 08:30	
Måndag 18. november	kl. 08:30	

**EVENTUELT**

Sekretariatet ber administrasjonen om å orientera om budsjett for 2013 på neste møte, spesielt sett opp mot risikomoment frå overordna analyse innafor økonomi.

Sekretariatet legg til neste møte fram sak ang. plan for invitasjon av kommunale leiarar for å orientera om sitt arbeidsområde.

**Underskrifter:**

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet

